



Eivind Sagstad
Sagstadvegen 135
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/2641 - 17/10898

Saksbehandlar:
Tore Johan Erstad
tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:
30.05.2017

Godkjenning - GBNR 19/2 - Løyve til frådelling og oppretting av ny matrikkeleining


Administrativt vedtak. Saknr: 145/2017

SAKSUTGREIING:

Saka gjeld:

Eivind Sagstad (tiltakshavar) har søkt om løyve til frådelling og oppretting av ny matrikkeleining av om lag 6,1 daa frå gbnr 19/2 på Sagstad i Meland kommune.

Utsnitt frå KPA viser tiltaket (blå skravering):



Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Gbnr 19/2 er ein uregulert eigedom som i kommuneplanen sin arealdel er vist som LNFR-område (landbruks-, natur- og friluftsområde samt reindrift). Egedomen er totalt på om lag 10 daa, som har 5 teigar. Søknaden inneber frådeling av 2 av desse teigane til eigen matrikkeleining. Den nye matrikkeleininga vil etter deling som omsøkt ikkje ha eige våningshus. Det er eit bygg på arealet i dag, matrikkelregistrert som 'annen landbruksbygning'.

Saka omfattar søknad om samtykke til deling etter jordlova § 12.

VURDERING:

Nabovarsling:

Søknaden blei nabovarsla i november 2016 utan merknader, jf pbl § 21-3.

Lovgrunnlag og planstatus:

Det er gitt dispensasjon frå gjeldande arealformål i kommuneplanen sin arealdel av Utval for drift og utvikling i møte 25.4.2017, sak 30/2017. Klagefristen er gått ut og dispensasjonen er rettskraftig. På bakgrunn av grunngjevinga av UDU sitt godkjenningsvedtak, legg administrasjonen til grunn at vedtaket omfattar samtykke til deling etter jordlova § 12.

Vilkår for deling etter plan- og bygningslova:

Ein kvar frådeling må vere i samsvar med gjeldande arealplan og de krav som elles er fastsett i eller med heimel i Plan- og bygningsloven, jf pbl § 26-1 («Opprettelse og endring av eigedom») og pbl §§ 1-1 tredje ledd («Lovens formål»).

På bakgrunn av UDU sitt dispensasjonsvedtak er omsøkt frådeling avklart i høve til plangrunnlag, plan- og bygningslova og jordlova.

Administrasjonen vurderer på bakgrunn av dispensasjonsvedtaket at omsøkt frådeling vil vere i samsvar med lov- og plangrunnlaget nemnd ovanfor, og at ny matrikkeleigedom vil få hensiktsmessig storleik, form og plassering, sjå pbl § 26-1 siste punktum.

Ny matrikkeleining skal ikkje vere byggegrunn, men ligg framleis som LNFR-område i kommuneplanen sin arealdel. Tilhøva til veg-, vatn- og avlaup vil vere uendra.

VEDTAK:

«Meland kommune godkjenner i medhald av Plan- og bygningsloven (pbl.) § 20-1 bokstav m, søknad om oppretting av ny grunneigedom på om lag 6,1 daa ved deling av gbnr 19/2 i samsvar med søknad journalført 26.10.2016. For grensar og storleik blir det vist til vedlagt situasjonsplan journalført motteke same dato.

Endelegreiser blir fastsett ved oppmålingsforretning.

For grunngjeving av vedtaket blir det vist til vurderinga over. Løyvet fell bort dersom det ikkje er gjennomført oppmålingsforretning etter Lov om eigedomsregistrering innan 3 år etter at løyve er gitt, eller

dersom matrikkelføring vil vere i strid med Lov om eigedomsregistrering, jf. pbl. § 21-9.»

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. Kommuneloven § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Føreliggjande avgjerd er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er mottatt. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det blir klaga på i vedtaket og kva endringar ein ønskjer. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig, eller krav om erstatning, må høvet til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Gebyr for kommunen si handsaming av søknaden om deling blir ettersendt, jf. høvesvis Plan- og bygningsloven § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Ettersom gebyret er fastsett ved forskrift kan det ikkje klagast over at det blir kravd gebyr eller over storleiken på gebyret, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan likevel klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngeven.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad
Juridisk rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Situasjonskart